



Notat

Dato: 25.03.2015
Arkivsak: 2015/2548-2
Saksbehandlar: chaespe

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Den kulturelle skolesekken - Rapport for 2014

Midlar til Den kulturelle skolesekken går årleg i all hovudsak til fylkeskommunane. Midlane skal fordelast mellom grunnskulen og vidaregåande skule, og midlane til grunnskulen er utgangspunktet for fylkeskommunens vidarefordeling av midlar til kommunane.

Frå og med kalenderåret 2014 skulle all rapportering, både frå fylkeskommunane og kommunane gjerast på kalenderår. Rapporteringa skal gjerast i eit elektronisk rapporteringssystem, og Hordaland fylkeskommune har ansvar for å følgje opp rapportane frå kommunane.

Jamfør tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet datert 19. juni 2014, var frist for å sende inn rapport for 2014 den 15. februar 2015. Fristen vart endra, og rapporten vart levert 20. mars. Dei siste kommunane har ikkje levert sine rapportar innan fristen. HFK jobbar med å få alle kommunane til å sende rapport. Hordaland fylkeskommune sin rapport for 2014 er vedlagt.